

Møtereferat

Dato: 27.10.2015

Emne:	Referat frå skulebesøk på Stend vgs 20.10.2015	
Til stades:	Rektor Magnus Vakt skjold, avd.leiarar Rune Lindgren, Reidun Mangersnes Moe og Torbjørn Litlere, elevinspektør Berit Karin Øydvinn Nilssen, till.valgt Elin Sebjørnsen, elevrepresentantar Johannes Heggebø Jansen og Aurora Sætran. Frå opplæringsavdelinga møtte regionsleiar Annbjørg Laupsa og seniorrådgivar Marianne Haaland	
Forfall:	Ass. rektor Atle Mildestveit	Sak: 2015/1090-110
Møtetid:	9.00-12.00	Møtestad: Stend vidaregåande skule

Møteleiar: regionleiar Annbjørg Laupsa

Referent: Marianne Haaland

Punkt A: Rektor Magnus Vakt skjold ønskte velkommen og presenterte deltakarane.

Regionsleiar Annbjørg Laupsa hadde ei kort innleiing de ho gikk kort gjennom føremålet med møtet og skulebesøket som eit ledd i kvalitetssystemet for opplæring i Hordaland.

Punkt B 1 – Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde.

Skulen hadde valt å presentere «Arbeid med økt gjennomføring på avd. for idrett» v/Rune Lindgren. Stend vgs har svært god gjennomføringsprosent på idrettslina, i år 94.7 %. Skulen har som mål å bli den beste nasjonalt, og at alle skal gjennomføre og bestå. Elevar som står i fare for å falle ut, blir følgt tett opp. Dei legg opp til kort veg frå elev til lærar. Elevane bekrefter dette, dei opplever å bli sett og følgt opp. Skulen har høge inntakspoeng til idrettslina, ligg blant dei fem høgaste i landet. For å nå målet har dei systematisk opplegg med å gi elevane det dei søker, gjennom m.a. vurdering, trening, arrangerte turar, individuell tilpassing (t.d. til område der elevane har særleg styrke/interesse) og kulturbygging. Dei er opptatt av å gi både elevar og lærarar dei utfordringar dei treng. Skulen har svært motiverte lærarar, som dei ser på som eit konkurransefortrinn. Dei legg vekt på tydelegheit, forutsigbarheit og forventningar om læring. Frå hausten 2016 vil dei auke timetalet i trening for elevar i deira spesialidrett.

Skulen har også samarbeid med kroppsøvningsfaget på dei andre avdelingane, særleg avd. for tilrettelagt opplæring – med gode resultat. Elevar er også involverte, og melder om godt utbytte .

Også når det gjeld påbygg til studiespesialisering har skulen høgare gjennomføring enn gjennomsnitt i Hordaland. Dei har også her høgare inntakspoeng, og opplever motiverte elevar. Dei har styrka tilbodet med eksamensførebuande tiltak med skrivetrening og skriveøker på skulen.

Nesten ingen av elevane på naturbruk går ut i lære, dei fleste går over på påbygg.

Punkt B 2 – Tema frå skulen sitt utviklingsområde som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupe «Skulen sitt arbeid med profesjonalisering – kva vil skulen oppnå? Korleis profesjonalisere elevrolla?»

Bakgrunnen for dette temaet var at profesjonalisering er eit gjennomgåande tema i utviklingsplanen.

Skulen har eit gjennomgåande fokus på profesjonalisering. Det har vore oppe på felles samling der ein stilte spørsmål om kva som er ein profesjonell yrkesutøvar m/ekstern innleiar, og der lærarane jobba vidare i grupper. Fokus er på lik praksis, kollektiv jobbing mot eins praksis for heile skulen og for alle elevane. Skulen har tre fagkoordinatorar som koordinerer arbeidet og som har jamlege møte med rektor. Det tverrfaglege arbeidet er også i fokus, både på kvart nivå og i fellesfag. Det er sett av tid i timeplanen. Elevane meldte at dei ser resultat av arbeidet. Faga parallelleggjast, faglege opplegg og vurdering er tema. Det er ein føresetnad at lærarane samarbeider. **Skulen har utfordringar med kultur, med idrettsline på ein yrkesfagskule.** Yrkesfag og studiespesialisering representerer ulike kulturar, både hjå lærarar og elevar.

Kvar avdeling lagar eigen utviklingsplan og følgjer den opp avdelingsvis. Rektor følgjer opp og har ei viktig oppgåve med å koordinere verksemda og tiltak på dei tre avdelingane. Frekvensen på oppfølging kan vere noko ulik, oftare gjennomgang på avd. for tilrettelagt opplæring. **Skulen opplever det som krevjande å samordne lærarar frå fellesfag og programfag. For fellesfaglærarar er det utfordrande å halde seg til fleire avdelingar, tilhøyrgheit blir utfordra.**

Avd. for naturbruk har større utfordringar med uro i klassen, dei har jobba strukturert med læringsmiljø og trekt inn elevane i arbeid med forbetring. **Dei ser at tiltak må setjast inn tidleg i skuleåret.**

C. Tema knytt til eleven sitt læringsutbytte og gjennomføring

Sluttarane finn ein særleg på naturbruk, det er få vegar vidare for dei som ikkje vil på påbygg. Alle elevar som søkjer seg inn, kommer inn på program for naturbruk. Skulen rettleiar undervegs, tilrår vg1 over 2 år der det er behov for det.

Skulen har styrka elevtenesta og denne følgjer tett opp gjennomføringa på skulen. Dei har som mål å redusere IV/stryk, jfr. mål på idrettslina om full gjennomføring. Sidemålet er ei utfordring for mange. Fråvær er tett knytt opp mot manglande gjennomføring og heng ofte saman med manglande motivasjon. **Kva gjer dei med det?** Skulen ønskjer kompetanseheving internt i samarbeid med OT/PPT. Ei utfordring er stadig utskifting av bemanninga i OT/PPT.

Stend vgs gjennomfører besøk på ungdomsskuler, dei opplever manglande kjennskap til vidaregåande opplæring. **Eit potensiale i høve feilval og rådgiving til elevane på lågare nivå.**

Skulen har utfordringar med omsyn til elevmedverknad. Dei gjennomfører fleire årlege møte mellom skoleleiing og elevråd. Kva tyder elevmedverknad, det er uklart for mange elevar. På mange skular ser vi ei klar utvikling i samarbeidet på skulen og engasjement i faglege spørsmål som gjeld læringsutbytte, lærarrolla etc. Elevrepresentantane på skulemøtet var godt nøgde med samarbeidet og opplevde å bli høyrde.

På vurderingsfeltet har dei jobba mykje med eigenvurdering i fellesfaga.

Skulen har utfordringar med pedagogisk bruk av IKT. Utviklingsplanen og tiltaka er prega av styrking av verktøy og administrativ bruk av IKT, bruk av felles plattform. Dette må skulen få orden på og jobbe meir med i komande skuleår. Dei kan få hjelp og støtte frå rådgivarar på feltet på seksjon skule.

Punkt D. prosessen med tilstandsvurdering og tiltaksutvikling – kva kjenneteiknar skulen sitt arbeid med VBV?

Skulen meldar sjølv at dei har utfordringar med å engasjere heile kollegiet. Arbeid i fellesskap med tiltaksvurdering og utviklingsplan kan vere eit viktig verktøy i det vidare arbeidet med profesjonalisering, dette må ein sjå i samheng. Rektor opplever elles at han har godt tak i oppfølging av avdelingsvise tiltak, avd.leiarar og fagleiar følgjer opp. Årshjul er eit godt verktøy i planlegging over tid.

Tilstandsrapporten kunne vore lagt med frist seinare, etter eksamensresultat er kjent.

Skulen er einig i at dei har eit betringspotensiale m.o. til pedagogisk bruk av IKT.
Rektor ser fram med spenning til nytt styringsdokument der rektorane har vore trekt inn i arbeidet.

Punkt E. Oppsummering og evaluering

Dei fleste opplevde at vi hadde gjennomført eit godt møte. Nokre deltakarar ønskte at møtet i større grad følgde strukturen i programmet, dei fekk ikkje lagt fram det dei hadde førebudd. Kanskje blei presentasjonen av skulen for positiv, utfordringane kom ikkje nok fram.

Representantar frå skuleeigar ser på heilskapen når dei går gjennom punkta i programmet, ofte går dei ulike tema over i kvarandre, vi har fokus på å få til ein god dialog med skulen.

Elles var møtet prega av en god dialog, at alle var godt førebudde og aktiv deltaking frå elevane